



Aurland kommune  
Vangen 1  
5745 AURLAND

Vår dato: 08.11.2021  
Dykkar dato: 04.10.2021  
Vår ref: 2021/1163  
Dykkar ref: 20/974

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Aurland kommune – ny handsaming av budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024

Aurland kommunestyre har i møtet 23. september, sak 67/21, på nytt handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024. Statsforvaltaren har per 4. oktober motteke saksdokumenta, som vi legg til grunn i vår tilbakemelding til kommunen.

Kommunestyret sine opphavelege vedtak for budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024 var ikkje i samsvar med kommunelova sine reglar for økonomiforvaltning med tilhøyrande forskrifter. Statsforvaltaren bad difor i brev av 5. juli om at kommunestyret måtte handsame og vedta budsjettet og økonomiplanen på nytt.

Aurland kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger.

### Oppsummering

*Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Aurland svært høge inntekter, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, skal kommunen klare å oppnå dei vedtekne finansielle måltala og godt vareta den økonomiske handleevna over tid. Men status etter 2020 viser at kommunen har svekt handleevna gjennom eit negativt korrigert netto driftsresultat og reduksjon i frie driftsreservar. Det er vidare planlagt ein sterk auke i lønegjelda. Med grunnlag i kommunen sine høge inntekter, meiner vi at kommunen må eigenfinansiere ein større del av investeringane mot reduksjon i nye låneopptak.*

*Etter ny handsaming og vedtak av kommunestyret i møtet 23. september stemmer ikkje disponeringa av netto driftsresultat, og difor er framleis budsjett og økonomiplan ikkje i samsvar med lov og forskrift. Dette fører til at informasjon om den økonomiske utviklinga blir mangelfull. For kommunestyret blir det difor vanskeleg å vurdere og ta stilling til korleis dei skal vareta den økonomiske handleevna over tid.*



*Statsforvaltaren meiner at kommunestyret på nytt må handsame og vedta eit budsjett for 2021 med rett disponering av netto driftsresultat, og sjå til at det dette samsvarar med løyvingsskjema for investeringar. Vidare må kommunestyret i handsaming og vedtak av budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025 følgje reglane for økonomiforvaltning i kommunelova med tilhøyrande forskrifter.*

## Budsjett 2021

I 2020 fekk kommunen eit netto driftsresultat på 10,1 mill. kroner, men etter korrigeringar for avsetjingar til bundne fond vart resultatet negativt med 5,1 mill. kroner. Dette vart dekt med bruk av disposisjonsfond. Disposisjonsfondet er etter dette på 14,4 mill. kroner, som utgjer 5 prosent av driftsinntektene. Dette er om lag halvparten av eit gjennomsnitt for landet (utan Oslo).

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på 7,3 mill. kroner, som utgjer 2,8 prosent av driftsinntektene. Eit netto driftsresultat kan disponerast gjennom overføringer til investeringar, avsetjing (bruk) til fond eller dekning av tidlegare underskot. Men i løyvingsoversikt drift for 2021 (forskrifta § 5-4, 1. ledd ) og økonomisk oversikt (§ 5- 6) stemmer ikkje disponeringa av netto driftsresultatet. Gjennom overføring til investeringar med 13,280 mill., bruk av bunde driftsfond (konsesjonsavgiftsfondet) 28,901 mill. og avsetjing til disposisjonsfond 8,294 mill., er drifta tilført 7,327 mill. i tillegg til driftsresultatet på 7,327 mill. kroner. Vi har merka oss at disponeringa som kommunestyret har vedteke i løyvingsoversikt drift er ulik den vi mottok i e-post frå kommunen datert 22. september. I oversendinga til oss stemmer disponering av netto driftsresultat med overføring til investering 13,280 mill., avsetjing til bundne driftsfond 2,341 mill. og bruk av disposisjonsfond 8,294 mill. kroner.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er til saman budsjettet med 129,5 mill. kroner. Oppdatert prognose frå KS er på 138 mill. kroner. Dette inkluderer 2,9 mill. kroner til dekning av meirutgifter og reduserte inntekter som følge av koronapandemien.

Av andre sentrale inntekter er eigedomsskatt budsjettet med 49 mill. kroner. I 2020 var inntekta 49,3 mill. kroner. Gevinst for sal av konsesjonskraft er budsjettet med 9,8 mill. kroner mot rekneskapsført gevinst i 2020 på 4,8 mill. kroner. Konsesjonsavgifter er budsjettet til 17,4 mill. kroner, uendra frå 2020.

Løyvingar til driftsområda er budsjetterte med ei netto ramme på 189,1 mill. kroner, mot regulert budsjett for 2020 på 182,2 mill. og faktisk rekneskap 181,6 mill. kroner.

Kommunen har budsjettet med investeringar i anleggsmiddel på til saman 103,9 mill. kroner. Dette skal finansierast med 73,1 mill. kroner i nye lån, 13,3 mill. i overføring frå drift, momskompensasjon 13,6 mill. og tilskot frå andre 3,9 mill. kroner.

Ved inngangen til 2021 har kommunen (kommunekassen) ei brutto langsiktig lånegjeld på 198 mill. kroner, som utgjer 71 prosent av driftsinntektene. Tilsvarande er gjennomsnittet for landet (utan Oslo) 110 prosent.

## Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen. Sentralt for økonomiplanen er kommunelova sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning om at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir varetaken over tid.



Sum driftsinntekter og driftsutgifter er budsjetterte på om lag same nivå gjennom heile økonomiplanperioden, men for tenesteområda er sum løyingar til netto drift redusert med 10 mill. kroner frå 2022. Årlege netto finansutgifter er redusert frå 9,6 mill. i 2021 til 4,9 mill. kroner i 2024. Dette er gjort etter at inntekter frå utbytte er auka frå 2 mill. i 2021 til 6 mill. i 2022 og deretter til 8 mill. kroner for dei to siste åra i planperioden. Renteutgifter er auka frå 2,5 mill. kroner i 2021 til 3,8 mill. kroner i 2024. Avdrag er årleg budsjettet med 9,8 mill. kroner.

I økonomiplanperioden er det budsjettet med årlege netto driftsresultat frå 2,8 til 5,8 prosent av driftsinntektene. I sum for alle åra utgjer dette 51,8 mill. kroner. Men som omtalt under budsjett 2021, stemmer heller ikkje disponeringar av dei årlege netto driftsresultata for åra 2022 til 2024. Som for 2021 er det i disponeringa kvart år tilført drifta eit tilsvarende beløp som netto driftsresultat.

Det er i økonomiplanen til saman planlagt investeringar i anleggsmiddel for 289 mill. kroner. Av dette er 162 mill. kroner planlagt finansiert med nye lån. Med budsjettete årlege avdrag på 10 mill. kroner, er brutto langsiktig lånegjeld berekna til 320 mill. kroner ved utgangen av 2024.

### Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande finansielle måltal:

- *Kommunen skal oppnå minimum 2 prosent korrigert netto driftsresultat.*
- *Gjeldsgraden skal ikkje overstige 75 prosent.*
- *Dispositionsfondet skal ikkje vere mindre enn 10 prosent av brutto driftsinntekter.*
- *Kommunen skal styrke konsesjonsavgiftsfondet og det skal ha ein storleik på minimum 20 mill. kroner 31.12.2023.*

### Statsforvaltaren sine vurderinger

*Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Aurland svært høge inntekter, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, skal kommunen klare å oppnå dei vedtekne finansielle måltala og godt vareta den økonomiske handleevna over tid. Men status etter 2020 viser at kommunen har svekt handleevna gjennom eit negativt korrigert netto driftsresultat og reduksjon i frie driftsreservar. Det er vidare planlagt ein sterk auke i lånegjelda, som vil bety at ein større del av inntektene vil gå til renter og avdrag. Med grunnlag i kommunen sine høge inntekter, meiner vi at kommunen må eigenfinansiere ein større del av investeringane mot reduksjon i nye låneopptak.*

*Det har vore ein svært lang og tidkrevjande prosess for at Aurland kommune skal ha eit budsjett og ein økonomiplan som er i samsvar med kommunelova med tilhøyrande forskrifter. Vi viser òg til vårt brev til kommunen av 5. juli. Men også etter siste vedtaket av kommunestyret i møtet 23. september, er ikkje budsjettet og økonomiplanen i samsvar med lov og forskrift. Dette fører til at informasjon om den økonomiske utviklinga blir mangefull, slik at det for kommunestyret blir vanskeleg å vurdere og ta stilling til korleis dei skal vareta den økonomiske handleevna gjennom planlegging og styring etter vedtekne handlingsreglar/finansielle måltal.*

*Statsforvaltaren meiner at kommunestyret på nytt må handsame og vedta eit budsjett for 2021 med rett disponering av netto driftsresultat, og sjå til at det dette samsvarar med løyvingsskjema for investeringar.*



*Vidare må kommunestyret i handsaming og vedtak av budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025, følgje reglane for økonomiforvaltning i kommunelova med tilhøyrande forskrifter.*

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*